

## Hengde opp tesar på kyrkjedøra.

02.09.2017



Soknerådsleiar Svanhill Haugland har nett hengt opp dei 5 tesane.

**Torsdag hengde soknerådsleiar Svanhill Haugland opp 5 tesar på kyrkjedøra i Uskedalen. Dette gjorde også Martin Luther på kyrkjedøra i Wittenberg i for 500 år sidan i 1517. Dei 5 tesane som vert gjort kjende på denne måten, er utgangspunkt for føredraget til Jørn Øyrehagen Sunde under temakvelden med tittel «Fem tesar om reformasjonen sine verknadar på vårt samfunn» fredag kl.18.**



Jørn Øyrehagen Sunde under eit tidlegare besøk i Uskedal kyrkje

Tesane heng no på kyrkjedøra slik at folk kan koma og lesa dei. På same måte gjorde Martin Luther kjent sine 95 tesar på kyrkjedøra i Wittenberg i samband med reformasjonen. Temakvelden er ein del av markeringa av 500 års jubileumet for reformasjonen.

Dei 5 tesane til Jørn Øyrehagen Sunde fortel oss at vi kan venta oss ei særdeles interessann stund med den fantastiske formidlar. Han kjem inn på kva reformasjonen har hatt å seia for utviklinga av demokratiet, og for utviklinga av velferdsstaten. Vi får høyra han greia ut om korleis reformasjonen la til rette for utviklinga fram mot eit kapitalistisk samfunnssystem. Reformasjonen førte og til auka merksemd på kriminalitet, og la slik til rette for etableringa av institusjonar for samfunnsstyring. Han tar også for seg kva reformasjonen fekk å seia for likestilling mellom kjønna.

Det ligg veldig mykje interessant stoff i dei fem tesane. Når vi i tillegg kjenner Jørn Øyrehagen Sunde sine evner som formidlar, så må dette verta ein stor kveld. På tidlegare temakvelder dei siste åra har han fylt kyrkja, og det er på bakgrunn av dei gode tilbakemeldingane frå publikum etter desse at den utflytta uskedelingen no er tilbake. Etter føredraget vert det enkel kyrkjekaffi, før det vert samtale.

Det er tradisjon å ha ei musikalsk innramming på desse temakveldane. Denne gongen er vi ekstra fornøgde med valet vårt. Vi er svært glade for at ordførar Peder Sjo Slettebø kjapt takka ja til å bidra på kyrkjeorgel. I tillegg har han fått med seg sokneprest Lina Håland med den gudbenåda songstemma. Sjølv om Peder Sjo Slettebø har nokre kulturskuletimar, er han å rekna som autodidakt på kyrkjeorgel. Hovudæra for orgelspelinga gjev han til det gamle trøorgelet dei hadde heime. Han har tidlegare vore brukt ein del som organistvikar både i Haugesundsområdet og i Kvinnherad. Etter det eg kjenner til, har han spela ein gong i Uskedal kyrkje før, under konfirmasjonsgudstenesta i 2012. Vi gler oss veldig til musikkinnslaga òg!

Ved utgangen vert det høve til å gje ei gåve. Etter ønskje frå Jørn Øyrehagen Sunde skal denne m.a. gå til arbeidet med ungdommane i årets konfirmantkull. Uskedal sokneråd.

Tekst, foto og nett: Thor Inge Døssland  
Arkivfoto: Ola Matti Mathisen

